

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
005/15	Levekårsutvalet	PS	03.02.2015
013/15	Kommunestyret	PS	19.02.2015

Saksbehandlar	ArkivsakID
Eileen M Feste	14/7526

Bygdekino

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Lindås kommune gjev Bygdekinoen konsesjon til å drive filmframsyning på Lyngheisenteret i 5 år frå og med 01.01.15.

Levekårsutvalet - 005/15

LE - behandling:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

LE - vedtak:

Innstilling i Levekårsutvalet 03.02.2015:

Lindås kommune gjev Bygdekinoen konsesjon til å drive filmframsyning på Lyngheisenteret i 5 år frå og med 01.01.15.

Kommunestyret - 013/15

KO - behandling:

Framlegget vart samrøystes vedteke.

KO - vedtak:

Lindås kommune gjev Bygdekinoen konsesjon til å drive filmframsyning på Lyngheisenteret i

5 år frå og med 01.01.15.

Saksopplysningar:

Politisk handsaming

Saka skal til innstilling i Levekårsutvalet

Saka skal avgjerast i Kommunestyret

Bakgrunn

Heimel: Lov om film og videogram LOV 1987-05-15-21

Bygdekinoen søkte i november 2014 om løyve til å vise film på Lyngheisenteret frå januar 2015. Gjeldande konsesjon utløpar 01. januar 2015.

Framsyning av film eller videogram i næring må ikkje skje utan løyve frå kommunestyret eller den kommunestyret har gitt fullmakt.

Vurdering

Bygdekinoen har avtale med Lyngheisenteret. Det er planlagt 20 kino framsyningar i 2015.

Framsyning av film eller videogram i næring må ikkje skje utan løyve frå kommunestyret eller den kommunestyret har gitt fullmakt.

Løyvet kan givast for ein periode på opptil fem år. Løyvet kan nektast eller trekkjast attende dersom løyvehavaren bryt reglar i denne lova eller i forskrifter til denne lova

Kommunen og Medietilsynet har rett til å gjennomføre naudsynt kontroll med at den løyvepliktige verksemda blir driven i samsvar med dei reglane som gjeld.

Kommunane kan fastsetje vilkår for løyve til framsyning av film og videogram. Det kan ikkje fastsetjast vilkår som inneber totalforbod mot framsyning av film eller videogram i ein kommune.

Andre som driv kinoverksemd i Lindås kommune, er Kløvheim UL som driv kinodrift på Kløvheim.

Digitalisering av film har ført til at Bygdekinoen er tidleg ute med nye filmar. Kino på Lyngheisenteret vil difor, i likheit med kinodrifta på Kløvheim, ha mykje å seie for trivsel for innbygarane.

